



Voss herad



# MÅL OG TILTAKSLISTE

VEDLEGG TIL BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN 2023-2027

## Innhald

SATSINGSOMRÅDE 1: INGEN I VOSS HERAD SKAL VERA BUSTADLAUS .....	1
SATSINGSOMRÅDE 2: VOSS HERAD SKAL HA TILGJENGELEGE OG GODE BUSTADAR.....	2
SATSINGSOMRÅDE 3: VOSS HERAD SKAL JOBBA FOR AT FLEIRE KAN BU I EIGD BUSTAD.....	4
SATSINGSOMRÅDE 4: VOSS HERAD SKAL AUKA TVERRSEKTORIELT SAMARBEID FOR HEILSKAPLEG OPPFYLGING AV BEBUARAR.....	5

## SATSINGSOMRÅDE 1: INGEN SKAL VERA BUSTADLAUS



Tiltak	Ansvar	Andre	Finansiering			Tidsfrist
			Innanfor dagens drift	Forslag til budsjett og økonomi plan	Eksterne midlar	
<b>Mål 1.1: Midlertidig bustad-vedtak skal vera halvert.</b> Milepæl: Midlertidig bustad-vedtak redusert med 25%.						
Tiltak 1: Kjøpa ein eller fleire NØD-bustadar som har meir enn 3 rom som teknisk avdeling driftar og Nav kan leiga.	<b>Teknisk</b>	NAV		X	X	2023
Tiltak 2: Betra informasjon om kvar tilsette kan melda frå om bekymring for bebuar sin forverring av tilstand, og om born som har dårlege butilhøve.	<b>Helse og omsorg</b>	Teknisk, Oppvekst	X			2024
<b>Mål 1.2: Ingen bør verta tvangsutkasta frå kommunal bustad.</b>						
Tiltak 3: Laga ei informasjonsbrosjyre om kvar ein kan få hjelp i høve økonomirettleiing og konsekvensar ved manglande betaling av husleige. Oppretta rutine for tilsette.	<b>Økonomi</b>		X			2023
Tiltak 4: Setja i verk ein pilot med <i>Housing First</i> modell for å leggja vekt på bebuar sine ynskjer og val saman med oppfylgningsteneste.	<b>Psykisk helse og rus</b>		X		X	2027



## SATSINGSOMRÅDE 2: TILGJENGELEGE OG GODE KOMMUNALE BUSTADAR

Tiltak	Ansvar	Andre	Finansiering			Tidsfrist
			Innanfor dagens drift	Forslag til budsjett og økonomi plan	Eksterne midlar	
<p><b>Mål 2.1: Måiretta kommunal bustadmasse.</b> Ubehandla søknadar til kommunale bustadar skal vera halvert.  Milepæl: Ubehandla søknadar til kommunale bustadar er redusert med 25%.</p>						
Tiltak 5: Gjennomføra faste årlege møter mellom kommunalavdeling teknisk, helse og omsorg og oppvekst for å prioritera framtidig bustadmasse.	<b>Bustadsosialt team</b>	Helse og Omsorg, Oppvekst, Teknisk	X			2023
Tiltak 6: Oppretta oversikt over kommunale bustadar sin storleik, tal rom, tilpassa rullestol og skisser over bustadene i heradet sitt datasystem.	<b>Teknisk</b>	Helse og Omsorg	X			2024
Tiltak 7: Byggja/kjøpa kommunale bustadar med ulik grad av fellesskapsløysingar og bustadformer for å vera tilpassa ulike behov.	<b>Teknisk</b>			X	X	2027
Tiltak 8: Oppretta rutine for synfaringar ved kjøp og sal av kommunale bustadar.	<b>Teknisk</b>		X			2023
<p><b>Mål 2.2: Kommunal bustadmasse skal vera i god stand.</b> 70% færre kommunale bustadar står tomme grunna oppussing.  Milepæl: 35% færre kommunale bustadar står tomme grunna oppussing.</p>						
Tiltak 9: Gjennomføra pilot oppussing av kommunale bustadar: tilsette pensjonistar, gje sjanse til arbeidstrening i samarbeid med t.d. Kirkens Bymisjon, Nav. Vurdera å inngå samarbeid med Voss vidaregåande skule.	<b>Teknisk</b>	Helse og Omsorg Integrering	X		X	2023
Tiltak 10: Oppretta kravspesifikasjon på kommunale bustadar (inkludert i kor stor grad bustadene skal vera universelt utforma).	<b>Teknisk</b>		X			2024
Tiltak 11: Oppretta eit kommunalt bustad-lager for midlertidig lagring av møblar/eigendelar ved flytting av bebuarar og for å sikra gjenbruk.	<b>Bustadsosialt team</b>			X		2024
Tiltak 12: Gjennomføra ein tilstandsanalyse for å laga ein 10 års vedlikehaldsplan for kommunale bustadar.	<b>Teknisk</b>		X			2025
Tiltak 13: Tilsette fleire eller bruka eksterne ressursar til vedlikehald og oppussing av kommunale bustadar.	<b>Teknisk</b>			X		2025
Tiltak 14: Oppretta tverrfaglege butreningskurs for å auka bebuarar si buevne.	<b>Bustadsosialt team</b>	Helse og Omsorg, Innbyggjarservice, Integrering	X			2025
Tiltak 15: Byggja/kjøpa 1-2 bustadar som er tilpassa bebuarar med svak buevne som overgang til anna bustad.	<b>Teknisk</b>	Helse og Omsorg		X	X	2025



Mål 2.3: Kommunale bustadar tilrettelagd for rullestolbrukarar skal auke frå 57% til 62%. Milepæl: Kommunale bustadar tilrettelagd for rullestolbrukarar er auka til 60%.						
Tiltak 17: Auka informasjon og kompetanse om universell utforming blant tilsette og eksterne utbyggjarar.	Teknisk			X		2026
Tiltak 16: Søkja tilskot til universell utforming for kommunale bustadar eller selja bustadane dersom det har større kostnadseffekt.	Teknisk			X	X	2027
Mål 2.4: Variert bebuarsamansetnad og spreidd lokalisering av kommunale bustadar.						
Tiltak 18: Vurdera å flytta bebuarar som bur i område med opphoping av levekårsutfordringar. Ved flytting av bebuarar skal det ytast tett bu-oppfylging.	Bustadsosialt team		X			2026
Tiltak 19: Arbeida for tilgjengeleg kollektivtransport i avsidesliggjande område for at innbyggjarar kan delta i arbeid og på aktivitetar.	Teknisk	Bustadsosialt team		X		2027
Tiltak 20: Utarbeida overordna strategi for plassering av kommunale bustadar i heradet (spreidd lokalisering) som ein del av strategi for bustadutvikling.	Teknisk	Plan og oppmåling	X			2027



## SATSINGSOMRÅDE 3: JOBBA FOR AT FLEIRE KAN BU I EIGD BUSTAD



Tiltak	Ansvar	Andre	Finansiering			Tidsfrist
			Innanfor dagens drift	Forslag til budsjett og økonom plan	Eksterne midlar	
<b>Mål 3.1: 40 personer har kjøpt bustad ved hjelp av startlån eller inngått <i>Leige-til-eige</i> avtale innan 2027.</b>						
Milepæl: 20 personer har kjøpt bustad ved hjelp av startlån eller inngått <i>Leige-til-eige</i> avtale.						
<b>Tiltak 21:</b> Gjennomføra ein medverknad-pilot for å utvikla gode reiskap for brukarmedverknad for personar med utviklingshemming, i samarbeid med <i>Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester</i> .	<b>Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester</b>	Helse og Omsorg Bustadsosialt team			X	2024
<b>Tiltak 22:</b> Utarbeida overordna strategi for Startlån.	<b>Bustadsosialt team</b>	Økonomi	X			2025
<b>Tiltak 23:</b> Setja i verk ein <i>Leige-til-eige</i> modell med tydelege vilkår for barnefamiljar og personar med utviklingshemming, styrka kompetanse og ressursar.	<b>Bustadsosialt team</b>	Helse og Omsorg, Oppvekst, Teknisk		X	X	2025
<b>Mål 3.2: Oppsøkjande og tilgjengeleg informasjon for at fleire kan bu i eigen bustad</b>						
<b>Tiltak 24:</b> Laga informasjonsmateriell (brosjyre, heimeside) om tilskot og tilpassing av bustad for innbyggjarar og tilsette.	<b>Bustadsosialt team</b>	Ergoterapitenesta, Innbyggjarservice	X			2023
<b>Tiltak 25:</b> Gjennomføra kampanje <i>Planlegge litt</i> saman med senter for aldersvenleg Noreg, Helsedirektoratet.	<b>Helse og Omsorg</b>	Senter for aldersvenleg Noreg	X			2023
<b>Tiltak 26:</b> Inngå eit samarbeid med næringslivet for å få oversikt over tilgjengelege private tenester og deretter informera eldre og personar med nedsett funksjonsevne om desse tenestene.	<b>Leve heile livet prosjekt</b>	Næringsavdelinga	X			2024



## SATSINGSOMRÅDE 4: AUKA TVERRSEKTORIELT SAMARBEID FOR HEILSKAPLEG OPPFYLGING AV BEBUARAR



Tiltak	Ansvar	Andre	Finansiering			Tidsfrist
			Innanfor dagens drift	Forslag til budsjett og økonomi plan	Eksterne midlar	
<b>Mål 4.1: Bustadsosialt arbeid med innbyggjar i sentrum.</b>						
Tiltak 27: Tett dialog med søkjar for å kartleggja søkjar sine ynskjer og behov ved tildeling av bustad. Unngå hyppig flytting av bebuarar, og då spesielt barnefamiliar.	<b>Bustadsosialt team</b>		X			2023
Tiltak 28: Gjennomføra prosjekt <i>Medverknad og deltaking for personar med samansette rusutfordringar i bustadsosialt arbeid.</i>	<b>Psykisk helse og rus</b>	Helse og Omsorg			X	2023
Tiltak 29: Etablere eit samlokalisert bustadsosialt team med eksisterande kompetanse (tildeling, forvaltning av bustadar og økonomiske verkemiddel, i tillegg skal det tilsettast: økonomirettleiar, miljøarbeidar og leiar.	<b>Rådmannen si leiargruppe</b>			X		2025
Tiltak 30: Ha tydeleg informasjon om rettar til leigetakarar på den private bustadmarknaden, også med fokus på born og unge.	<b>Bustadsosialt team</b>	Innbyggjarservice, Oppvekst	X			2024
<b>Mål 4.2: Tydeleg rolle- og ansvarsfordeling i bustadsosialt arbeid.</b>						
Tiltak 31: Utarbeida ei handbok for kommunal bustad som inneheld samarbeidsrutine, avklarte roller og retningslinjer for bustadsosialt arbeid.	<b>Bustadsosialt team</b>	Teknisk, Oppvekst, Nav, Helse og Omsorg	X			2023
Tiltak 32: Revidera vedtaksbrev og husleigekontrakt i tråd med <i>Klart språk.</i>	<b>Bustadsosialt team</b>		X			2023
Tiltak 33: Inngå samarbeidsavtale med kriminalomsorga.	<b>Helse og Omsorg</b>		X			2023
Tiltak 34: Gjennomføra ei vurdering av data/forvaltningssystemet som nyttast i bustadsosialt arbeid.	<b>Teknisk</b>	Helse og Omsorg	X			2023
<b>Mål 4.3: Auka tverrsektorielt og tverrfagleg samarbeid og kompetansedeling.</b>						
Tiltak 35: Etablere vald- og overgrepshandteringskurs på tvers av kommunalavdelingar årleg.	<b>Bustadsosialt team</b>	Teknisk, Oppvekst, Helse og Omsorg	X			2023
Tiltak 36: Gjennomføra bustadsosial idèverkstad på tvers av kommunalavdelingane årleg.	<b>Bustadsosialt team</b>	Nav, Integrering, Helse og Omsorg	X			2024
Tiltak 37: Oppretta ein gjenbruksstasjon i samarbeid med nærlingslivet for å auka gjenbruk av møblar.	<b>Rådmannen si leiargruppe</b>		X			2024
Tiltak 38: Samarbeida med fylkeskommunen om å ha ein hybelkoordinator.	<b>Kultur og fritid</b>	Oppvekst		X		2025